

Bigset Barnehage



*Å få ei lita hand
inn i ei stor hand
det er ingen småting her vi går
di vesle hand smygande inn i mi
ingenting er større enn det.*

Oskar Stein Bjørlykke



Verksemdsplan

-Pedagogisk årsplan for barnehageåret 2025/2026



Velkommen til Bigset barnehage



Haren er logoen og kjennemerket til dei kommunale barnehagane i Hareid. Han symboliserer verdiane til dei tilsette: varm, god, eit vakent blikk, nysgjerrig, livleg, imøtekommande og har eit vennleg smil på lur.

Barnehagen har 3 avdelingar og ligg i Bigset krins, omringa av flotte naturområder. Vi er veldig glade i å vere ute og går på tur så mykje vi kan. Borna er glade i å komme seg utføre gjerdet, både på korte og lange turar.

Pirliten (bitteliten) 0-2 år og Fantesnitten (ein fantestrek) 2-4 år er dei to småbarnsavdelingane våre. Dei har plass til born i alderen 0-4 år.

Lurvelegg (trollgubben) er storbarnsavdelinga i kjellaren. Denne avdelinga har to grupper som heiter Gråstein og Furustubbe. Dei har plass til born i alderen 3-6 år.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og minnerike opplevingar😊



Innleiing

Bigset barnehage bygger drifta på vedtekne lover, forskrifter, lokalt utarbeidde og vedtekne planar. Hareid kommune har utarbeidd ein Kvalitetsplan for god oppvekst i eit samarbeid mellom barnehagane og skulane i Hareid, føresette sine representantar, helsestasjonen i Hareid, den interkommunale Barnevern tenesta og Pedagogisk Psykologisk teneste for Ulstein og Hareid.

Planen er politisk forankra og vedteken i kommunestyret. Ny plan er under arbeid.
«Det er ei overordna målsetting for alle instansane i kommunen å arbeide førebyggjande og heilskapleg med barn i oppvekstmiljøet.» (sitat frå kvalitetsplanen s. 15)

Verksemdsplan for Bigset barnehage bygg på hovudlinjene i
«KVALITETSPLAN FOR GOD OPPVEKST I HAREID 2016-2020»
<https://www.hareid.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=353&FilId=5685>

Dei vedtekne satsingsområda i perioden 2016- og utover er:

- LÆRINGSMILJØ
- TIDLEG INNSATS
- SAMARBEID HEIM – BARNEHAGE/ SKULE
- TVERRFAGLEG SAMARBEID

Verksemdplanen saman med utviklingsplanen og informasjonsheftet erstattar tidlegere årsplaner. Det er dokumenta som skal vise foreldre, politikarar og administrasjonen i Hareid konkret korleis vi i vår barnehage arbeider med dei vedtekne satsingsområda. Dei skal også vise korleis dette er i tråd med verdigrunnlaget og kompetanseløftet: AUTORITATIV LEIING.

Kvalitetsplanen legg vekt på å vere autoritative vaksne i møte med barn. Barnehagane og skulane i Hareid har inngått eit samarbeid med fylkesmannen som heiter Inkluderande barnehage og skulemiljø. Vi legg vekt på er den autoritative tenkinga, korleis vi har det rundt oss og korleis vi er mot kvarandre. Vi arbeider med satsingsområda i kvalitetsplanen for å tilnærme oss den autoritative veremåte.

«Ein autoritativ leiar er truverdig og kompetent. Vedkommande gir mykje fagleg, sosial og emosjonell støtte. Denne leiaren er kjenneteikna ved at vedkommande er omsorgsfull, viser ekte interesse og gir borna mykje varme. Dermed prioriterer leiaren å bygge gode relasjonar til borna og elevane, samstundes som vedkommande er tydeleg og har kontroll i ulike situasjonar. Vaksne stiller samtidig realistiske krav og kommuniserer og handhevar klare forventningar og grenser». (sitat frå kvalitetsplanen s.49)

Samfunnsmandat og innhald

Barnehagen skal gjennom omsorg, leik, læring og danning gi det einskilde barnet gode utviklingsmoglegheiter. Dette vil seie at barnet sjølv skal oppleve kvardagen sin som meningsfull med rom for både medverknad, meistring, læring og kvile. Dette set krav til *samarbeid* og *forståing* mellom personalet og foreldre/føresette.

Det er heimen som har hovudansvar for barnet sitt. Barnehagen skal vere ein støttande samarbeidspartnar.

Samarbeid forstår vi slik:

Foreldre/føresette og barnehagepersonalet har eit gjensidig ansvar for å utveksle informasjon som er viktig for å gjere barn sin kvardag så god som råd. Barnehagen skal legge til rette for at slik informasjonsutveksling kan finne stad.

Forståing forstår vi slik:

Der må vere ei gjensidig forståing og respekt mellom barnehage og heim for kvarandre sitt ansvar og sine oppgåver. Vi i barnehagen skal vise toleranse og respekt for ulike kulturar, livssyn og tradisjonar, og inkludere heimane sine innspel i planar og drift. På den andre sida må foreldre/føresette vise forståing og anerkjenning for at barnehagen er ei pedagogisk verksemd med krav til innhald og tilrettelegging.

Denne tilrettelegginga skal ta i vare einskildbarnet sitt behov for å utvikle seg individuelt og få styrka eiga sjølvhevding og sjølvkjensle. Men det skal leggst like stor vekt på at barn lærer å bidra og tilpasse seg inn mot eit sosialt fellesskap. Vi i barnehagen skal ta i vare den nordiske barnehagetradisjonen der tanken om barndommen sin eigenverdi står sentralt. Det er viktig at barnehage og foreldre/føresette har arenaer for felles verdidebattar, og at barnehagen vel ei linje dei fleste foreldre kan slutte seg til.

- Barnehagelova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Rammeplan: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>



Den autoritative voksne i Bigset barnehage

Målsetjinga vår : modige og engasjerte tilsette som ser barn som ein ressurs i deira eigen kvardag. Det vil seie å sjå etter det positive framfor det negative.

I vår barnehage skal tilsette vere aktive og tilstade i barnas kvardag. Vi skal legge til rette for gode opplevingar, observere barnas behov og utvikling, vere nærverande i lek og samspel, og arbeide førebyggjande for å skape eit trygt og inkluderande miljø. Vi er tilsette som er modige – vågar å møte barna med opne sinn, stiller spørsmål ved eigen praksis, og som engasjerer seg i barna sine liv med ekte interesse og varme.

Den autoritative voksne står sentralt i vårt pedagogiske arbeid. Dette er ein vaksen som kombinerer tydelege rammer med omsorg og respekt. Ein som er konsekvent, men lyttande. Ein som gir barna tryggleik og samtidig rom for medverknad og sjølvstendig utforsking. Personalet skal samarbeide om å utvikle og vedlikehalde gode rutinar, metodar og arbeidsmåtar som fungerer for barna – og som er forankra i felles verdier og forståing.

Barnas perspektiv skal vere ein rettesnor i alt vi gjer. Vi skal sjå verda gjennom barnas auge, og anerkjenne deira uttrykk, initiativ og følelsar. Medverknad handlar ikkje berre om å få velje – det handlar om å bli lytta til, få delta, og oppleve at egne meiningar har verdi. Når barna får vere med og påverke sin eigen kvardag, utviklar dei ansvar, sjølvkjensle og sosial forståing.

Relasjonar er grunnmuren i barnehagen. Det er alltid personalet som har ansvar for relasjonane – utan unntak. Å bygge gode og trygge relasjonar krev tid, tilgjengelegheit og ekte nærvær. Gjennom blikk, ord, kroppsspråk og felles erfaringar dannar barna både sjølvbilete og forståing av andre. «Blir man ikke sett, er man ingenting» (Grønneberg 2011). Å bli sett og bekrefta er avgjerande for å utvikle tryggleik og tillit – og for å våge å møte nye erfaringar og menneske med opne sinn.

Språkutvikling er eit sentralt satsingsområde i vår barnehage. Språket er nøkkelen til lek, vennskap og læring. Vi stimulerer språkutvikling gjennom kvardagsaktivitetar, lek, samtale, bøker, spel og song. Barna får eit funksjonelt og meningsfullt språk som dei kan bruke i sosialt samspel og lek. Personalet er bevisste språkmodellar og støttar barna i å utvikle både språkforståing og uttrykksevne.

For barn som har utfordringar med talespråk, ikkje får ut orda fort nok eller berre ikkje brukar orda nok enda- nyttar vi ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon. Dette er eit inkluderande verktøy som gir barna moglegheit til å uttrykke seg og delta aktivt i kvardagen. Personalet har gjennomført kurs og arbeider med bildestøtte og visuelle hjelpemiddel for å sikre at alle barn får ein stemme og blir forstått. ASK er ikkje berre eit hjelpemiddel – det er ein nøkkel til inkludering og deltaking. Vi ser at det er til stor støtte for alle borna.

Gjennom heile året skal dette pedagogiske grunnlaget vere styrande for vårt arbeid. Vi skal skape ein barnehage prega av tryggleik, lek, tillit og respekt – der barna opplever å vere viktige, kompetente og verdifulle.



Verdigrunnlaget til Bigset barnehage:

Omsorg gjennom latter, lek og læring

Omsorg er ein verdi i seg sjølv og kjem til uttrykk i handling om omtanke mellom to eller fleire personar og skal prege alle møter gjennom barnehagedagen. Det er to brukargrupper av barnehagen: **Borna og dei tilsette (personalet og føresette)**

1. Barnehagen sitt BARNESYN

I Bigset barnehage gir vi barna tid og rom til å meine og meistre

- Eit barn sine meiningar skal bli høyrte og respektert
- Eit barn skal støttast til «å klare sjølv»
- Barnet skal oppleve merksemd og anerkjenning for den han/ho er og ikkje berre for det han/ho gjer.

2. Barnehagen sitt syn på VAKSENROLLA

Alle i personalet skal bry seg om, bekrefte og rettleie alle barn på ein god måte, slik at barna kan lære seg konstruktive handlemåtar.

- Tilsette er alltid den ansvarlege for kvaliteten på samhandlinga.
- Tilsette anerkjenner alle barn for akkurat den dei er.
- Tilsette skal gå på jakt etter positive situasjonar og rose det dei ser.

Vi skal i 2025/2026 ha ekstra fokus på	For oss betyr dette	Og slik vil vi gjere det
Omsorg	Tilsette skal lære det einskilde barnet å kjenne	-ved å vere tilstade og bygge gode relasjonar -ved å aktivt ta kontakt med barna
Anerkjenning	Tilsette skal vere interessert i det barna vil fortelje	-ved å lytte til barns behov -ved å etablere augekontakt med barnet -ved å vere rause og ta barna på alvor
Grenser/rammer	Tilsette skal vere i forkant i alle situasjonar der barn samhandlar	-vise interesse for å bli kjent med barna



Leik har eigenverdi og skal anerkjennast

Leiken er barnets naturlege måte å lære på. I barnehagen er ikkje leiken berre moro- den er ein sentral del av utviklinga. Gjennom leik lærer barna å samarbeide, dele, løyse konflikhtar og ta omsyn til kvarandre. Leiken stimulerar til fantasi, kreativitet og evna til å tenkje sjølvstendig.

Dette har slik betyding i kvardagen til:		
Barnet	Tilsette	Foreldre/føresette
Eg skal få tid og rom til å vere i leiken. Felles opplevingar - Vennskap - Humor - Glede - Læring Eg har rett til å uttrykke meg. Eg skal få støtte til å kome inn i etablert leik og til å vere i leik. Eg opplever meistring.	-Skal vere autoritative leiarar tydlege, varme og anerkjennande -Lyttande og tilstedeverande - Skal planlegge og organisere, men ikkje overstyre leiken - Skal gi rom for leik, ev. snu på rutinar og å verne om god leik. Skal fungere som starthjelp. - Må ha kunnskap og kompetanse om leik slik at ein gir eit variert leiketilbod (barn er ulike, ikkje gjere leiken stigmatiserande)	Skal vere trygge på at barna vert gitt rom og tid til å bygge vennskap. Skal vite at dei som treng hjelp i leiken får dette. Skal sjå trivsel og utvikling hjå barna sine.



Dokumentasjon og vurdering

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver seier at vi regelmessig skal vurdere det pedagogiske arbeidet. Det står også at dokumentasjon av personalet sitt arbeid skal synleggjere korleis personalet arbeider med å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen (KD.2017.s38-39).

I Bigset barnehage gjer vi det slik:

Primærkontakt: Barnegruppa og det enkelte barns trivsel og utvikling observerast og vurderast dagleg av primærkontakta og dei tilsette. Primærkontakta tar med seg observasjonar vidare til foreldresamtalar og avdelingsmøter. På denne måten har vi mulegheit til å sette inn tiltak som gjer at det enkelte barn og heile gruppa trivst og utviklar seg godt i barnehagen.

Foreldresamtalar: Alle foreldre/føresette vert kalla inn til foreldresamtalar to gongar i året. Denne samtalen er for dykk foreldre. Her har vi tid til å samtale meir om korleis ditt barn har det og korleis det utviklar seg. Dykk vil få eit skjema for utfylling før samtalen.

Månadsplanar: Vi har månadsplanar og vekeplaner som følgjer verksemdsplanen og utviklingsplanen vår. Kvar månad sender vi ut eit skrifteleg tilbakeblikk til foreldra. Her kan dykk lese kort kva kvar enkelt avdeling har gjort og dette vert gjerne dokumentert med bileter. Månadsplanen kjem på e-post i starten av kvar månad.

Dagtavle: Dagleg har vi kommunikasjon med foreldra om korleis dagen til barna har vore i garderoba og tavler der vi skriv litt innhaldet på kvar avdeling.



Diverse informasjon

MÅLTID

Barnehagen førebur og serverer alle(3) måltid barnet treng i barnehagetida. Dette er inkludert i månadsfakturaen frå Hareid kommune.

Personalet har utarbeidd mål for korleis vi vil at barna skal oppleve måltida her.

MÅL: Alle skal få oppleve ei stund rundt bordet med ro, samtale og næringsrik mat, der kjensle av meistring står sentralt.

I omgrepet **RO** legg vi: - at alle får kome til ordet

- at alle har sin plass
- at vaksne er bevisst på sin veremåte
- at alle rekvisita(fat, kniv, kopp, klut, smekke o.l) er på plass

I omgrepet **SAMTALE** legg vi: - at dei vaksne ser kvar einskild

- at barna kjem til ordet med sine ytringar
- at overgang til neste aktivitet for dagen kan førebuaast i samtalen

I omgrepet **NÆRINGSRIK MAT** legg vi: - eit variert kosthald

- sunne matvarer
- frukt og grønsaker kvar dag

I omgrepet **MEISTRING** legg vi: - vaksne legg til rette for at barna skal prøve sjølv

- støtte til å klare
- barna må få nok tid til å prøve sjølv

BURSDAGSFEIRING



For dei fleste barn er bursdagen ei viktig markering. Dette tek vi på alvor. Det er viktig at barnet får vere spesiell denne dagen. Barnet skal få kjenne på å vere i sentrum, og dei andre barna skal lære at i dag er det ein anna enn meg som skal få spesiell merksemd.

Somme barn treng også øving i å takle denne merksemda, å våge å stå fram. Dette øver vi på.

Avdelingane markerer bursdagar litt ulikt alt etter alder på barna, men alle får eiga krone og blir sunge bursdagssong for. Kvar avdeling fortel sjølve i månadsplanane korleis dette vert markert. Det er barnehagen som syter for alt som trengst til bursdagsfeiringa. Kake og is er ikkje eit alternativ då vi veit at mange føresette ønskjer å introdusere barna sine for søtsaker først når dei vert eldre.



Matglede i kvardagen

I vår barnehage er måltida meir enn berre mat. Måltida er viktige stunder der borna får lære, vere saman og kjenne på trivsel. Vi jobbar for at borna skal få eit godt og trygt forhold til mat – noko som kan vare heile livet. Vi er stolte av mattilbodet vårt og ser kor mykje det betyr for barna. Vi set pris på gode innspel frå foreldre, som vert viktig for planlegging.

Dette legg vi vekt på:

- Sunn og variert mat som gir barna energi og næring
- Rolige måltid med god tid til å ete
- Samtalar og fellesskap rundt bordet
- Smaking og utforsking utan press – vi oppmuntrar, men tvingar aldri

Barnehagen følg dei nasjonale retningslinjene for mat og måltid i barnehagen og maten vi serverar er i tråd med Helsedirektoratets kostråd, les gjerne her:

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>

Vi tilpassar maten etter allergiar, intoleransar og kulturelle ønsker, og samarbeider gjerne med dykk for å sikre at alle får eit godt mattilbod.

 **Måltid borna elsker:** Borna gler seg til måltida – og det skjønar vi godt! Personalet lagar god og spennande mat, og vi får ferske råvarer levert:

- Ferskt brød frå **Mjøl og Meir** to gongar i veka
- Ferske egg frå **Røyset** når vi treng
- Middag ein gong i veka – laga med omtanke
- Havregrynsgraut ein gong i veka, toppar gjerne med heimelaga smoothie-sylte
- Bananpannekaker/lappar
- Bønner, cottage cheese, havregryn tilsett i maten for fiber/protein
- Pålegg kan vere: brun- og kvitost, kjøttpålegg, snøfrisk, egg/eggesalat/omelett/eggerøre, fiskepudding, leverpostei, skinkeost, brunost, prim ein gong i veka, heimelaga smoothiesylte.
- Grønsaker og frukt til kvart måltid: druer, banan, eple, pære, melon, jordbær, mango, blåbær, gulrot, avocado, blomkål- vi følger sesongen og kva den byr på
- Smoothie
- Knekkebrød
- Grove rundstykker kaldheva er populært

Middagar vi har servert

- Heimelaga pizza
- Lapskaus, heimelaga supper(gulrot, tomat)
- Spaghetti med kjøttsaus
- Fiskegrateng
- Fiskekaker
- Torsk/laks med grønnsaker og poteter/ris/pasta
- Kjøttbollegryte ala Toni

Planleggingsdagar barnehageåret 2025-2026

Haut 2025	Vår 2026
14. og 15 august	Fredag 02. januar
	Fredag 13.februar
	Fredag 15.mai

Kvaliteten på tida ilag med barna er heilt avhengig av kvaliteten på planlegging- og vurderings arbeidet, fagleg oppdatering, utviklingsarbeid, samarbeid og rettleiing. Barnehagen har 5 planleggingsdagar avsett pr. barnehageår til oppdatering, kursing og evaluering. Då er barnehagen stengd for borna. I tillegg har vi personalmøte og avdelingsmøter utanom opningstida.



Fagområda i barnehagen

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver set krav til at barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor 7 fagområder. Dette gjennom leik, undring, utforsking og skapande aktivitetar (KD.2017.s47). Rammeplanen skriv tydeleg at barnehagen skal bidra til og kva personalet skal gjere. Rammeplanen brukar «skal» det forpliktar. Les gjerne om fagområda i rammeplanen via denne lenke:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/062a50467a86492b9ab1829df2433fae/ny-rammeplan-for-barnehagens-innhold.pdf>

Kommunikasjon, språk og tekst i Rammeplanen: *«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer».*

Kommunikasjon, språk og tekst i Bigset barnehage:

Vi er språklege modellar for borna. Tilsette skal fange opp borna sine kroppslege og verbale uttrykk

Vi har rim og reglar der dei får lytte til lydar og rytme i språket. Vi blir kjende med bøker, songar, bilde og media, slik at dei får eit variert ordforråd samtidig som dei får vidareutvikle eiga begrepsforståing.

Barna leiker for å trene samspel og kommunikasjon med hjelp frå personalet.

Vi nyttar omgrep i alle kvardagssituasjonar og undrar oss saman.

Barnehagen nyttar ASK- alternativ supplerende kommunikasjon i arbeidet med barna. Dette er snakkesmykker/bildestøtte, for å skape forståelse. Dette støttar muligheten for borna til å uttrykke seg. Alle trenger språk for å utvikle seg. Når talespråket ikkje strekk til nyttar vi ASK som støtte.

Kropp, rørsle, mat og helse i Rammeplanen: *«Gjennom arbeidet med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære, og skape med kroppen som utgangspunkt.»*

Kropp, rørsle, mat og helse i Bigset Barnehage:

Vi er ute i ulendt terreng, klatrar, balanserar og spring. Inne har vi musikk, dans og rørsle for å vidareutvikle rytme og smidighet. Det er viktig å utvikle ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring, motoriske ferdigheiter og kroppsbehersking.. Sunt kosthald, allergivennleg mat til dei som treng, faste måltid og påkledning til allslags ver er viktig læring. Borna deltek i matlaginga både ute og inne. Turar i nærområdet er ein stor del av veka vår.

Kunst, kultur og kreativitet i Rammeplanen: *«I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrighet, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering».*

Kunst, kultur og kreativitet i Bigset Barnehage:

Ulike formingsaktivitetar utviklar barnas fantasi, kreativitet og skaparglede. Det er ikkje produktet som er viktig, men prosessen og det å ha det kjekt. Utvikle evna til å bearbeide og kommunisere estetiske inntrykk. Vi markerar høgtider og gir kort innføring i desse.

Gjenfortel kjente eventyr. Vi syng kjente og kjære barnesongar, og høyrer på musikk.

Natur, miljø og teknologi i Rammeplanen: *«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider».*

Natur, miljø og teknologi i Bigset barnehage:

Vi leikar ute og går tur for å oppleve glede ved å ferdast i naturen gjennom heile året og undrast over mangfaldet i han. Vi lærer å ta vare på leikene, og at vi ikkje må kaste søppel i naturen.

Vi trener på å bruke ulike reiskap for eksempel kniv(smøre på), spade, rive og forstørrelsesglas.

Vi bakar og lagar middag.

Borna lærer felles ansvar som å rydde koppen sin, rydde leiker, hente kleda og hjelpe til å lage mat.

Barnehagen har ein kjøkkenhage som borna hjelp til å stelle. Vi sår frø, passa på vekst og haustar gode.

Mengd, rom og form i Rammeplanen: *«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske, og skape strukturar og hjelper barnet til å forstå sammenhengar i naturen, samfunnet og universet.»*

Mengd, rom og form i Bigset barnehage

Vi erfarer ulike former, mønster og ulike typar størrelsar. Vaksne set bevisst ord på handlingar i kvardagssituasjonar t.d. Liten, stor, halv skive, heil skive osv.

Vi sorterer og samanliknar.

Vi leikar med klossar, spel og formingsmateriell. Leikekasser er merka med bilete slik at borna lærer å sortere.

Vi erfarer plassering og orientering i rommet.

Etikk, religion og filosofi i Rammeplanen: «Barnehagen skal skape interesse for mangfoldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske.»

Etikk, religion og filosofi i Bigset barnehage

Barna lærer å ta omsyn til, ta vare på og vise respekt for kvarandre.

Borna lærer sosiale reglar, bordskikk og bordvers.

Tradisjonar rundt høgtider. Vi snakkar om dei forskjellige nasjonane vi er.

Vi har samtalar med borna og funderar over livet.

Alle øver på å seie «hei» og «hadet». Vi seier «takk». Vi trøyster kvarandre både liten og stor.

Barnehagen har godt samarbeid med Kyrkja.

Nærmiljø og samfunn i Rammeplanen: «Gjennom utforskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda».

Nærmiljø og samfunn i Bigset barnehage

Vi leikar ute og går tur i nærmiljøet, slik at vi blir kjende med områda rundt barnehagen. Borna er med på å bestemme litt over seg sjølv og kvardagen, der det er muleg for sin alder. Då kjenner borna at dei er med på å yte sitt til fellesskapet i barnehagen. Lære og forstå at ein må dele, vente på tur og at fleirtalet får bestemme.

Brannvernveka : lærer om brannsikkerheit og besøk av brannbil.

Grønsakshage: borna får vere med på prosessen frå frø til hausting av ferdig produkt.

Barnehagen arrangerar foreldrekaffi- tid for foreldra å komme inn litt lenger og ta en prat.

Vi har faste besøk og godt samarbeid med skule og kyrkje.

Førskuleklubben reiser på avslutningstur.

